



Skremseel for å halda fugl og hjort borte frå epletreet.

Tida er inne for å hengja opp fugleskremsel og installasjonar som kan halda hjorten borte frå frukthagar og beitemark.

På Skorpo hos Johannes Hauge finn vi ein utkledd mannsperson i den finaste bøen



[Hønene er truleg noko tryggare i hønsegarden.](#)

Dette har vore brukt før og etter det vi kjenner til, har det positiv verknad på å halda hjorten borte frå den fine håa. Hønsegarden ligg like ved.

Kan mannsfiguren ha ein verknad på å halda reven på avstand, tru?

Meir vanleg er det med fugleskremsel.

Det kan verta blinkande metallbitar, fargerike plastposar eller noko som lagar lyd i vinden. Før laga ein ofte heilfigurar på staur med høy stikkande ut under ein hatt.

Maraskratlo var mykje brukt, eit roterande instrument som laga ein skarp lyd.

uskedalen.no vil gjerne høyra frå andre som har kunnskap og artige minne frå ulike typar dyre-og fugleskremsele

(Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal)



Ein utkledd mannsperson før håslåtten!